

REFERAT FRÅ ÅRSMØTE I BSI PADLING

STAD: Høgteknologisenteret, Thormøhlensgate 55

DATO: 20.01 2011

TIL STADES: 18



Sak 1	Godkjenning av innkalling og dagsorden Innkalling var tilgjengeleg ifrå 20. desember 2010, og sakspapir kom ei veke før per e-post. Det var ingen innvendingar. Innkalling og dagsorden vart godkjent.
Sak 2	Val av ordstyrar og sekretær Årsmøtet støtta forslaget. Michael L. Storebø og Dalana-Michelle Hill vart valt som høvesvis ordstyrar og sekretær.
Sak 3	Årsmeldinga 2010 Ordstyrar oppsummerte innhaldet i årsmeldinga. Årsmeldinga vart godkjent utan endringar.
Sak 4	Rekneskap for 2010 Kelda Dinsdale, kasserer, orienterte om rekneskapet. I 2010 var det avvik på visse poster i forhold til budsjettet for 2010. <ul style="list-style-type: none">• Kontingentinnbetalinga og kajakkleie hadde ein samla positiv differanse på kr 85500. Dette inkluderar og er i stor grad grunna etterinnbetaling ifrå 2009.• Det vart i 2010 haldt fleire kurs enn planlagt og derfor auka kursavgiftsposten i rekneskapet med kr 42500 i forhold til budsjett. Fylgjeleg vart det brukt meir enn budsjettert på løn til instruktørar, like fullt fekk ein eit overskot på 12000 ifrå kursverksemda.• Tildelinga av tilskot vart endra av hovudstyret i 2009. BSI Padling hadde fått for lite i tilskot i 2009 og dette vart utbetalt i 2010.• Som fylgje av at inntektene var høgere enn budsjettert vart det bestemt å brukt meir på utstyr, oppgraderingar og sosiale tiltak enn budsjettert.• Styret har valt å dele opp diverse kostnadar-posten i rekneskapet i fleire postar, desse er drift/dugnad og arrangement. Samla sett vart det brukt 9800 mindre på diverse kostnader enn budsjettert for 2010.• Det vart ikkje budsjettert for forsikring for 2010 og denne hadde heller ikkje vorte betalt i 2009. Kostnadsposten i 2010 rekneskapet er for 2 år og vil vere mindre ved neste utbetaling.

Styret oppsummerar økonomien i si heilheit som solid og likviditeten er god.

Det vart kommentert at det framfor positive summar skal vere pluss og minus framfor negative. Dette vert tatt til etterretning for rekneskapet i 2011.

Rekneskapet vart einstemmig godkjent

Sak 5.1

Badstove

Ordstyrar orienterte om dei praktiske sidene ved å installere badstove, som blant anna innebære at BSI Padling då må leige andre etasje i naustet. Styret sitt forslag er å ikkje leige andre etasje for å installere badstove.

Styret sitt forslag vart vedteke og forslaget er avvist.

Sak 5.2

Kjøp av naust

Leigekostnaden er den største utgiftsposten på budsjettet og det kan vere ein økonomiske fordel for klubben å eige i staden for å leige. Det er ikkje høve å kjøpe naustet som vert nytta i dag. Det vert påpeikt at sidan dette er ein studentklubb så fordrar det eit lokale som er forholdsvis sentrumsnært. Vidare må finansieringa av eit kjøp utgreiast nærare.

Styret ser ikkje at dei har kapasitet til å undersøke mulegheita for kjøp av naust utan at innsatsen elles vert redusert, og føreslår ein ekstern komité til å undersøke alle aktuelle sider ved kjøp av eit nytt lokale for BSI padling. Komiteen må då orientere om konklusjonane dei kjem fram til for eit årsmøte.

Komiteen vil stå fritt til å vurdere kva som trengs nærare utgreiing i denne samanheng. Det vert foreslått at medlemmer som ynskjer å utgreie mulegheitene for kjøp av naust set saman ein slik komité.

Forslaget vart einstemmig vedteke.

Sak 6

Kontingent og naustleige

Styret føreslår uendra satsar.

Årsmøtet vedtok forslaget.

Sak 7

Budsjett for 2011

I samband med at budsjettet for 2011 vart lagt fram så orienterte styret om målsettingar for 2011.

Hav:

- Behalde fleire av dei som tek grunnkurs.

- Halde ein oppfylgingsdag etter kurset som fast ordning. Dette medfører større lønsutgifte til instruktørar.
- Innføring av ei fadderordning på kajakkar/havutstyr som kan brukast av fadderan utanom klubbaktivitetar. Fadder har ansvar for vedlikehald av kajakken ein er fadder for.
- Kompetanseutvikling i klubben.
 - Fleire kurs for medlemmane.
 - Holde kurs utanom våttkortstigen; t.d. grønlandsårepadling.
- Få til meir utaskjærspadling.
- Halde fleire klubbmeisterskap.
 - Få med seg fleire ifrå elv og nye medlemmar.

Elv

- Det er mangel på elveinstruktørar og styret ynskjer derfor å sponse dei som vil verte elveinstruktør. Per d.d. har klubben ein elveinstruktør.
- Kompetanseheving for å få fleire til å padle på eit høgare nivå.
 - Klubbturnar/samlingar med instruksjon på desse.
- Arbeide for vern av vassdrag; t.d. Raundalselva. Voss kajakklubb er engasjert på dette området.

Med utgangspunktet i målsettingane har styret gjort visse endringar i budsjettet. Det er budsjettert mindre overskot ifrå kursverksemda då ein gjev meir oppfølging av deltakarane i etterkant.

Budsjettet reflekterer eit større fokus på aktivitet og ikkje utstyr. Dette heng også saman med at det vart investert i mykje nytt utstyr i 2010.

Det er budsjettert med høgre utgifter enn inntekter då klubben har større økonomiske reserver enn ein ser som naudsynt for ein frivilleg studentorganisasjon.

Budsjettet vart einstemmig vedteke av årsmøtet.

Sak 8

Val

Valkomiteen si innstilling er:

Leiar: Michael L. Storebø

Styremedlemmar: Elin Thorsen, Bente Solberg, Espen Raa Nilsen, Eva Mykkeltvedt, Magne Ingvaldsen og Lillian Brekke.

Vara: Edvin Fields

**Årsmøtet vedtok forslaget ved akklamasjon
Edvin Fields er valt til valkomite for 2012**

Eventuelt/til orientering

- Det vert tur til Orkney mellom 22 og 29 juni. Det er 8 plassar tilgjengeleg og ein fylgjer fyrste mann til mølla- prinsippet. Tilbode vil verte tilpassa dei som vert med og passar derfor alle. Ynskjer ein å padle på Orkney så er dette berre mogeleg å gjere i samarbeid med klubben i Kirkwall då frakt av kajakk ifrå Bergen ikkje er mogeleg utan båtsamband.
- Det vert tur til Hellas fyrste veka i september, søndag til søndag. Opplegget inkluderar guide, lån av utstyr frå ein lokal klubb og kostar 900 Euro. Reise, mat og overnatting kjem i tillegg.
- Fadderordning ser ut til å verte veldig populær. Studentar og dei med høgare utdanning i NPF bør verte prioritert i utdelinga. I utgangspunktet bør det vere ein fadder per båt. Ordninga burde vere i gang før påske.

BSI Padling
REGNSKAP FOR 2010

Inntekter

3920 - Medlemskontigent	151,600.00
3600 - Kajakkleie (plasser)	158,900.00
3910 - Kursavgift	132,150.00
3400 - Tilskudd	107,774.15
3970 - Arrangement	100.00
3999 - Diverse inntekt	1,000.00
8040 - Renteinntekter	294.00

Utgifter

6300 - Leie lokale	230,473.00
4200 - Utstyr	105,725.50
6620 - Drifts/Reparasjon/Dugnad	10,516.04
6780 - Lønn instruktører	89,928.00
7500 - Forsikring	14,087.00
4600 - Arrangement	16,860.53
7790 - Diverse kostnader	2,822.05
1920 - Avsetninger til bank	0.00

TOTALE INNTEKTER 2010 **551,818.15**

TOTALE UTGIFTER 2010 **470,412.12**

Balanse pr.01.01.10

Kasse	0.00
Bank 1 (main account)	167,656.29
Bank 2	620.14
Bank 3 (reserve)	3,731.22
Saldo	172,007.65

Balanse pr 31.12.10

Kasse	0.00
Bank 1 (main account)	133,908.68
Bank 2	7.00
Bank 3 (reserve)	120,098.00
Saldo	254,013.68

ÅRS RESULTAT NOK **82,006.03**

Dinsdale, Kelda
Kasserer

Storebø, Michael
Leder